

# Fornorskings- politikk og urett

■ Rapporten til Sannings- og forsoningskommisjonen får tydeleg fram urett og overgrep som er gjorde mot samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar. Det er å vona at rapporten kan bidra til at ålmenta får betre innsikt i kva som har skjedd under fornorskingspolitikken mot desse gruppene, og at tiltaka som vert føreslåtte, kan bidra positivt.

■ Men ein byrjar på ingen måte på berr bakke. Det er viktig at vi har med oss at det er gjort mykje arbeid i så måte dei siste tiåra, med ILO-konvensjonen, Sametinget, talen til Kong Harald ved opninga av Sametinget i 1997, samerettsutval og samelov. Kvenane har fått status som nasjonal minoritet, kvensk har fått status som eige språk, og det er skipa eit eige kvensk institutt.

■ Rapporten er interessant, men for underteikna er det uråd å vurdere heilskapen og den faglege kvaliteten. Dette er eit krevjande arbeid som må gjerast av andre. Rapportar av denne typen skal vurderast og kritiserast. Ikkje minst må ein fylgja opp merknaden til ein av medlemene i kommisjonen, Aslak Syse. Han meiner at rapporten ikkje dreg eit klart nok skilje mellom «målrettet fornorskingspolitikk på den ene siden og fornorskingsprosesser i samfunnet på den andre siden».

■ Framlegga til tiltak frå kommisjonen er derimot lettare å vurdere. Mange av dei er viktige, som ei større satsing på ei gjennomgåande «språkopplæring for kvensk og samiske språk frå barnehage til voksenopplæring» og ei styrking av kunnskapen om samiske, kvenske/norskfinske og skogfinske tilhøve.

■ Samstundes ber nokre av framlegga preg av ynsketenking. Er det til dømes mogeleg å styrkja pite-, ume- og skoltesamisk, slik at språka på sikt kan inkludrast av minoritetsspråkpakta, slik kommisjonen vil? Det er få, knapt nokon, som talar desse språka i Noreg i dag. Det er òg viktig å vera klar over at visse tiltak kan føra til at andre føler seg tilsidesette. Ein politikk med innslag av særrettar kan skapa nye konflikhtar.

■ I eit tillitsbasert samfunn som det norske vil det store fleirtalet stø opp om mykje av det arbeidet som kommisjonen føreslår. Utfordringa framover vert alle sakene som vil koma om forvaltninga av naturområde og naturressursar nytte til kvenske og samiske interesser.